

Til

Statsforvalteren Vestland  
sfvlpost@statsforvalteren.no

## Uttale Høyring – endring av forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsområde

Baroniet Rosendal ble første gang fredet i 1923. Da ble Rosendal Slott fredet. Men det er i vår aller nyeste historie at de to andre store verne- og fredningsbestemmelser er tatt:

I 2005 ble Folgefonna Nasjonalpark og Hattebergsdalen Landskapsvernområde opprettet, og i 2015 ble 350 mål av det mest sentrale arealet av Baroniet Rosendal fredet. Denne helheten som disse områdene utgjør, fra Rosendalsbygden nede ved fjorden og helt inn til Folgefonna, er en helhet med store naturverdier.

Den nylig anlagte og påkostete turstien inn til Hattebergfossen og Hattebergsdalen gjør det mulig og enkelt å gå fra bebyggelsen i Rosendal sentrum, gjennom det fredede området og inn til landskapsvernområdet, og også videre inn i nasjonalparken oppe i fjellet. Turstien viser på denne måten helheten disse tre verne- og fredede områdene utgjør.

Hattebergsdalen har vært gjennom mange vedtak, vurderinger og konflikter knyttet til spørsmålet om utbyggingen av Hattebergvassdraget. En nasjonal sak som er kjent for de fleste. Fremtidig forvaltning av og bestemmelser for området må sees på bakgrunnen av denne forhistorien, noe som fordrer forsiktighet i alle verneprosesser her.

I fredningsvedtaket for 350 mål med park, hager, jordbrukslandskap og 18 bygninger inngår også en større og nyrestaurert utmarksbygning (sjeneflor/sommerfjøs) fra 1850 inne i Hattebergsdalen landskapsvernområde, som tilhører Baroniet Rosendal. Litt lenger inne i Hattebergsdalen har Baroniet Rosendal en sæter, som vi ønsker å restaurere og gjøre tilgjengelig. Fra Hattebergfossen går det sti inn til denne på vestsiden av dalen, under Malmangernuten. Turen oppleves å gå gjennom et eldre landskap, der nyere inngrep ikke finnes. Baroniet Rosendal har 140 vinterforede sauer, som beiter i Hattebergsdalen vår, sommer og høst. Baroniet Rosendal er den største grunneier i Hattebergsdalen landskapsvernområde. Baroniet Rosendals område strekker seg helt inn til Svartavatn og Bjørndalsnuten på godt over 1000 moh.

I tillegg til dette arealet som eiendomsmessig er del av Baroniet Rosendal, har forvaltningen av all omkringliggende natur konsekvenser for Baroniet Rosendal, i og med at landskapet gjennom utsikter og siktlinjer er en fullverdig integrert del av Baroniet Rosendal. Dette vil også være et viktig argument for Rosendal og Kvinnherad kommune i deres arbeid for å oppnå at den planlagde 420 kV kraftlinjen blir lagt utenom landskapet i og omkring Rosendal.

Opplevelsen av den spesielle Hattebergsdalen bygger på flere kvaliteter ved landskapet. Vassdragsnaturen, som også er vegetasjonen og landskapet i dalbunnen, har kanskje størst betydning. Elven og dens løp formes fritt av naturlige prosesser gjennom tiden, uten menneskelige inngrep. Sporene etter landbruk i eldre tider er viktig. Den flate dalbunnen og de delvis åpne

markene skaper et vidt rom. Strenge bestemmelser for bruk av grusveien inn dalen og svært lite fulldyrket jordbrukslandskap som krever bruk av større maskiner gjennom sommerhalvåret.

Vi er urolige for hva konsekvensene for verneområdet kan bli hvis en åpner for vesentlige endringer av forskriftene. Avgjørelsen kan gi konsekvenser inn i fremtiden som kan være vanskelig å se nå. Rapporten fra *Miljøfaglig Utredning* gir svært viktig informasjon om artsmangfold og biologiske konsekvenser.

Vi ber myndighetene ta i betyding opplevelsen av Hattebergdalen og behandler dens betydning med forsiktighet og grundighet i prosessen frem mot vedtak, slik at den store opplevelsesdybden av landskapet ikke blir forringet.

Baroniet Rosendal ønsker det aller beste for Hattebergdalen, for dens grunneiere og for de mennesker som oppsøker dalen for naturopplevelser.

Vennlig hilsen

Arne Benjaminsen

Styreleder Baroniet Rosendal/Den Weis Rosenkroneske stiftelse

Statsforvaltaren i Vestland

10.08.23

# Høyringsfråsegn forskriftsendring Hattebergdalen landskapsvernområde

Bergen og Hordaland Turlag (BHT) vart grunnlagt i 1890 og er vestlandets største friluftslivsorganisasjon med nær 30 000 medlemmer. BHT har lokallaget Kvinnherad Turlag (KT) som organiserer 896 medlemmer. Turlaga sine føremål er å tilretteleggja for eit aktivt, allsidig, enkelt og naturvenleg friluftsliv, og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

BHT og KT håper Statsforvaltaren (SF) i denne saka klarar å ta vare på dei viktige naturverdiane i verneområdet på ein måte som gjer at lokalsamfunnet kjenner seg ivareteke, og slik at jordbruksdrifta har gode kår for skjøtta kulturlandskapet. Turlaga har ikkje teke stilling til om forskriftsendring er den rette løysinga, men me vonar SF finn eit vedtak som ikkje svekker verneføremålet, samstundes som ein tek omsyn til eit levande landbruk. I den samanheng vil me skildra friluftslivsverdiane i området, og ber om at desse vert vektlagt.

Området er eit attraktivt og mykje nytta turområde. Her er det fleire turforslag på vår nettplattform, UT.no. Turen rundt Hattebergfossen er svært mykje brukt av både turistar og lokale, ofte i samband med besøk på Baroniet. Ein kan også gå vidare innover Muradalen/Hattebergdalen langs Hattebergelva, og frå der på sti mot Malmangernuten, Bjørndalssetra, Bjørndalstraversen, Skeisfjell og andre turmål. Fleire av desse turmåla har turlaga hatt turar til. Her kan ein få «oppleving i nærkontakt med elvar, frodige lier og høge fjell.»<sup>1</sup>. Turar i dette området er del av nærfriluftslivsområde innafor 500 meter radius av der folk bur, og her er det tilrettelegging for ei rekke ulike brukargrupper med både ulik geografisk tilknytning og ulik funksjonsgrad.

Omsynet til tilgjengelegheit er difor essensielt. Og ein må unngå tiltak som fører til objektive eller subjektivt opplevde stengsel. Stien som går opp Muradalen er spesielt viktig å ta omsyn til, og turlaga ynskjer at SF sikrar at ferdsel og bruken av stien til Murabotn som går på høgre side av elva framleis er mogleg å nytte og tilgjengeleg for allmenn ferdsle.

I tillegg er natur- og landskapsopplevinga av betydning. Dette er mellom anna avhengig av at landskapsinntrykket ein får av semi-naturlig eng og beiteskog får bestå og vert vedlikehalde. Me meiner difor eit vedtak bør ta omsyn til beitebrukens betydning for å halde landskapet, samtidig som

---

<sup>1</sup> <https://ut.no/utforsker/omrade/123339/hattebergdalen-landskapsvernomrade/turforslag>

at det ikkje vert opna for inngrep som berører heilskapen i landskap og naturmangfald i landskapsvernområdet. Nydyrking treng ikkje skada landsskapskvalitetane, men det kviler på at omfanget er avgrensa, tilpassa landskapet og utan dominerande inngrep. Her er det vanskelege avvegingar som må gjerast, og me vonar SF vil vurdera fleire mogelegheiter for å imøtekomma landbruket på eit vis som ikkje rår verneføremålet. Dette kan vere forskriftsendringar, grenseendringar, tilskotsordningar m.m.

Me vil avslutningsvis minna om at dagens prosessar for å få til nye nasjonalparkar kviler på lokal aksept. Å finna forvaltningsmodellar som både tek omsyn til naturen, og som skaper tillit og dialog mellom statsapparatet og lokalsamfunnet er difor viktigare enn nokon gong.

Med helsing

Helen Ødven  
Dagleg leiar  
Bergen og Hordaland Turlag

Jarle Røstbø  
Styreleiar  
Kvinnherad Turlag

Dag Sandvik  
Naturvernansvarleg  
Bergen og Hordaland Turlag



Arkivsaksnr: 2020/12839-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 11.08.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	24/23	11.08.2023

## Høyringsinnspel til endring av forskrift - - nydyrking - Kvinnherad - 87/12 - Hattebergsdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

### Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre støttar framlegg om forskriftsendring for Hattebergsdalen landskapsvernområde med den føreslegne ordlyden:

*1. Nydyrking i avgrensa omfang for å legge til rette for beitebruk i verneområdet*

Det bør leggest føringar for gjødsling, krav til skjøtselsplan og beitebruksplan i samband opning for nydyrking.

## Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 11.08.2023

### Handsaming i møte

Styreleiar kom med framlegg til vedtak:

Folgefonna Nasjonalparkstyre støttar framlegg til vedtak om forskriftsendring for Hattebergsdalen landskapsvernområde med den føreslegne ordlyden:

*"Nydyrking i avgrensa omfang for å leggja til rette for beitebruk i verneområdet Det bør stillast krav til beitebruksplan i samband med opning for dyrking."*

Generelt til høyringa har Styret følgjande synspunkt:

Kombinasjonen vern og aktivt landbruk med beiting er det mest bærekraftige i eit samfunnsperspektiv. Styret er glad for støtte frå Klima og miljødepartementet i dette synet.

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Med det som bakteppe meiner styret at høyringsnotatet i større grad burde vektlagt kva verneverdiar som går tapt med manglande beiting, på same måte som kva naturverdiar som går tapt med dyrking i det aktuelle området. Som forvaltar av landskapsvernområde på vegne av nasjonen meiner styret at verneverdiane samfunnsøkonomisk og best kan ivaretakast i samarbeid mellom styret/forvaltar og aktive bønder framfor detaljplanlagt offentleg forvaltning med økonomisk offentleg kompensasjon.

Forskriftsendinga bør vektleggja det lokale skjønnnet eit Nasjonalparkstyre skal forvalta, i større grad enn å forskriftsfesta på eit rikt detaljnivå.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Folgefonna Nasjonalparkstyre støttar framlegg til vedtak om forskriftsending for Hattebergdalen landskapsvernområde med den føreslegne ordlyden:

*Nydyrking i avgrensa omfang for å leggja til rette for beitebruk i verneområdet Det bør stillast krav til beitebruksplan i samband med opning for dyrking."*

Generelt til høyringa har Styret følgjande synspunkt:

Kombinasjonen vern og aktivt landbruk med beiting er det mest bærekraftige i eit samfunnsperspektiv. Styret er glad for støtte frå Klima og miljødepartementet i dette synet. Med det som bakteppe meiner styret at høyringsnotatet i større grad burde vektlagt kva verneverdiar som går tapt med manglande beiting, på same måte som kva naturverdiar som går tapt med dyrking i det aktuelle området. Som forvaltar av landskapsvernområde på vegne av nasjonen meiner styret at verneverdiane samfunnsøkonomisk og best kan ivaretakast i samarbeid mellom styret/forvaltar og aktive bønder framfor detaljplanlagt offentleg forvaltning med økonomisk offentleg kompensasjon.

Forskriftsendinga bør vektleggja det lokale skjønnnet eit Nasjonalparkstyre skal forvalta, i større grad enn å forskriftsfesta på eit rikt detaljnivå.

## Saksopplysningar

Den 21. mars 2023 fekk Miljødirektoratet i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet å starte prosess med å endre verneforskriftene for Hattebergdalen landskapsvernområde. Det er Folgefonna nasjonalparkstyre som forvaltar verneområdet på vegne av nasjonen.

Vedtektene skal sørge for at nasjonalparkstyret skal kunne oppfylle føremålet med vernet i tråd med nasjonale mål og internasjonale avtaler og konvensjonar.

Folgefonna nasjonalparkstyre har i to omgangar gitt løyve til nydyrking etter § 48 i naturmangfaldlova, sjå sak ST 38/20 og sak ST 25/22. Begge vedtaka vart påklaga av Statsforvaltaren i Vestland og endeleg avslått av Miljødirektoratet. Grunngevinga for avslag var at nydyrking var forbode i landskapsvernområdet og at naturmangfaldlova § 48 ikkje



opnar for ein så vid tolkning av regelverket som styret la opp til. I samband med klage på nasjonalparkstyret sitt vedtak i 2022 inviterte statsforvaltaren til eit dialogmøte med styreleiar i Folgefonna nasjonalparkstyre. I møtet og i klagen påpeiker Statsforvaltaren at det vil vere naudsynt med ein endring av forskriftene for å kunne gjennomføre nydyrking i området.

## Innspel

I samband med høyringa har Statsforvaltaren fått gjennomført ei forenkla konsekvensutgreiing.

I arbeidet med konsekvensutgreiinga vart det gjennomført ein supplerande kartlegging som fann til saman 7 med sårbare naturtypar, 5 naturbeitemarker (VU), ein semi-naturleg eng (VU) og ein sørleg kaldkjelde (VU).

*"Kartlegginga viser at områda som kan vere aktuelle for nydyrking i all hovudsak er raudlista naturtypar med kategorien sårbar (VU) og har stor eller svært stor verdi."*

Forskriftsendringa slik han er foreslått i høyringa opnar for å dyrke opp meir enn det arealet som tidlegare har vore søkt om og handsama. Det er ikkje lagt nokre føringar på kva type natur som kan dyrkast opp i endringsforslaget. Slik sett er opninga for nydyrking etter dei føreslegne vernereglane vidare enn i nydyrkingsforskrifta etter jordlova.

For å kunne peike på område som er spesielt sårbare for oppdyrking og for å kunne auke beitetrykket der det gagnar verneverdiane mest er det naudsynt å få økonomisk støtte til å gjennomføre kartleggingar og lage skjøtselsplanar i samarbeid med landbruksdrivarane.

Nasjonalparkstyret har i sine vedtak lagt vekt på å auke beitebruken i Hattebergsdalen landskapsvernområde og på den måten styrke verneverdiane. Styret er også opptekne av å styrke samarbeidet med lokal landbruksdrift og sørge for at verneområdeforvaltninga ikkje stikk kjeppar i hjula for drift av eigedommar som er omfatta av vernet.

I forvaltningsplanen for Hattebergsdalen frå 2011 er det sett mål om å halde kulturlandskapet i hevd utan nemnande ny tekniske inngrep. Det er opna for å gje løyve til rydding av nye innmarksbeiter. Det er opna for å kunne gjødsle område som var oppgjødsle på vernetidspunktet og det er reglar mot å gjødsle opp nye område, utan å skildre om det er meint gjødsling med naturgjødsel eller kunstgjødsel. Det er ikkje spesifisert i framlegg til forskriftsendring korleis ei eventuell nydyrking skal gjødselast, og det bør gå tydeleg fram av regelverket.

Statsforvaltaren i Vestland

[fvpost@statsforvalteren.no](mailto:fvpost@statsforvalteren.no)

Bergen, 10. august 2023

Dette innspelet er sendt på vegne av Naturvernforbundet Hordaland, BirdLife Norge avd. Hordaland, og Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland.

## Mogleg endring av forskrifta for Hattebergsdalen landskapsvernområde

### Høringsfråsegn frå Forum for natur og friluftsliv Hordaland

Forum for natur og friluftsliv (FNF) Hordaland viser til høyring av endring av forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde i Kvinnherad kommune. Høringsfristen var 1. august, men FNF Hordaland viser her til at me fekk utsett frist til 10. august i e-post frå Eline Orheim den 30. juni.

Føremålet med endringsforslaget er å opne for nydyrking i eit avgrensa omfang innanfor verneområdet. Argumentet for endringsforslaget er at nydyrking vil kunne gjere området meir drivverdig for lokale gårdbrukarar, noko som i sin tur *kan* bidra til å oppretthalda eit høgare beitetrykk i andre delar av verneområdet. Det blir her vist til at ein del av naturverdiane i verneområdet er avhengig av at det føregår beiting.

I høringsnotatet frå Statsforvaltaren i Vestland står det at Miljødirektoratet har føreslått følgjande endring av forskrifta:

*Det leggjast til ein ny bokstav (l) i verneforskrifta § 3 punkt 1.3 der forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

*l. Nydyrking i avgrensa omfang for å legge til rette for beitebruk i verneområdet.*

**Forum for natur og friluftsliv Hordaland går klart mot ei slik endring av verneforskrifta. Me er også overraska over at ei slik endring i det heile tatt er oppe til vurdering med dei premissane som ligg til grunn i denne saka. Ei slik forskriftsendring som no er på høyring vil undergrava eit viktig vern av vår felles natur- og kulturarv, utelukkande for å koma private, økonomiske interesser i møte.**

For å finne gode argument mot ei slik endring av forskrifta, treng ein ikkje sjå lenger enn til dagens verneforskrift § 2 (føremålsparagrafen), som mellom anna slår fast at føremålet med vernet av Hattebergsdalen er å «ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen frå dalføret og opp mot høgfjellet». Vi meiner at nydyrking klårt vil svekke dette føremålet – sidan ei slik nydyrking vil påverke det visuelle inntrykket som me menneske får av dalføret. Som kjend er både dalen og fjella ovanfor dalen mykje

brukt i tur- og friluftslivssamanheng. Nydyrking vil også vere med på å redusere dalen sin nemnde *eigenart* – der landskapsformene i all hovudsak har vore forma av naturen sjølv – og ikkje av menneska. At sjølve landskapet skal takast vare på i eit *landskapsvernområde*, burde vere sjølvsgagt.

Nydyrking vil etter vår meining også gå på tvers av føremålet om å «sikre verdfull vassdragsnatur» (også jf. § 2), sidan *vassdragsnatur* må kunne forståast som både sjølve vassdraget og naturen og landskapet i tilknytning til vassdraget.

Nydyrking i verneområdet vil altså gå på tvers av fleire av føremåla med vernet, og difor uthule sjølve vernet av Hattebergdalen.

**Argumenta for ei slik uthuling av vernet er at delar av kulturlandskapet sin flora *potensielt kan få betre høve*. Den nye rapporten *Nydyrking i Hattebergdalen LVO – konsekvensvurdering på tema naturmangfold* frå Miljøfaglig Utredning, som har sær god kompetanse på feltet, viser at nydyrking – tvert imot – heller vil medføre alvorleg til sær alvorleg miljøskade for dei lokalitetane som har blitt undersøkte – slik denne tabellen i rapporten viser:**

Delområde	Verdi	Påvirkning	Vurdering	Konsekvens
Lokalitet 1 - Naturbeitemark	Stor verdi	Forringet	Deler av en viktig naturtype som er truet blir forringet av nydyrking og en sone rundt blir noe forringet.	--- Alvorlig miljøskade for delområdet
Lokalitet 2 - Naturbeitemark	Stor verdi	Sterkt forringet	En viktig naturtype som er truet blir forringet av nydyrking.	--- Alvorlig miljøskade for delområdet
Lokalitet 3 - Naturbeitemark	Svært stor verdi	Sterkt forringet	Deler av en viktig naturtype som er truet blir forringet av nydyrking og en sone rundt blir noe forringet.	---- Svært alvorlig miljøskade for delområdet
Lokalitet 4 - Sørlig kaldkilde	Stor verdi	Sterkt forringet	En viktig naturtype som er truet blir forringet av nydyrking.	--- Alvorlig miljøskade for delområdet
Lokalitet 5 - Naturbeitemark	Svært stor verdi	Sterkt forringet	En viktig naturtype som er truet blir forringet av nydyrking.	---- Svært alvorlig miljøskade for delområdet
Lokalitet 6 - Semi-naturlig eng	Svært stor verdi	Sterkt forringet	Deler av en viktig naturtype som er truet blir forringet av nydyrking og en sone rundt blir noe forringet.	---- Svært alvorlig miljøskade for delområdet
Lokalitet 7 - Naturbeitemark	Stor verdi	Sterkt forringet	En viktig naturtype som er truet blir forringet av nydyrking.	--- Alvorlig miljøskade for delområdet
Delområde 8 – Funksjonsområde for lav og moser	Stor verdi	Forringet	Minst én av forekomstene av tussepraktlav og flere av moseforekomstene vil forsvinne. Kantsonen blir ytterligere fragmentert.	-- Betydelig miljøskade for delområdet

Miljøfaglig Utredning skriv vidare i rapporten (vår utheving):

*Dersom det åpnes for nydyrking av ett eller noen få områder vil en få konsekvensene oppgitt for det eller de delområdene som nydyrkes og delområde 8 som påvirkes indirekte av nydyrking på annet areal. Ved nydyrking i tråd med søknaden som foreligger vil det gi oppgitte konsekvenser for lokalitet 1, lokalitet 4 og delområde 8 i tabell 10.*

*Samlede konsekvenser for forskriftsendringen er vanskelig å vurdere. Dette fordi den ikke er konkret på hvilket/hvilke areal som kan nydyrkes. Ordlyden «nydyrking i avgrensa omfang»*

*begrenser ikke nydyrking til semi-naturlig eng som er vurdert i denne rapporten. Den samlede konsekvensen kan altså bli videre enn det som er vurdert her. Dersom alle områder som er vurdert i denne utredningen dyrkes opp vil den samlede konsekvensen være svært alvorlig miljøskade.*

Med disse resultatene meiner me at det er godt dokumentert at den forskriftsendringa som no er på høyring, vil vere særskildeleg for naturmangfaldet viss ho blir realisert.

Det er også verdt å ta med at Miljøfaglig Utredning *kun* har vurdert nydyrkinga sine effektar på *kulturlandskapet*, og *ikkje* effektar av nydyrking på dei tidlegare nemnde verneverdiane, då knytta til dei naturlege landskapselementa i verneområdet.

Det er også eit viktig poeng at det er stor *usikkerheit* knytta til kor vidt nydyrking faktisk vil føra til eit høgare beitepress. Det ligg jo ingen som helst forpliktelsar om auka beite til grunn for den eller dei grunneigarane som i eit tenkt tilfelle vil få tillatelse til nydyrking. Frå andre deler av Hattebergsdalen er det heller ingen dokumentasjon på at nydyrking betyr auka beitepress på andre teigar.

Ein må sjølv sagt også sjå på presedensverknaden som ei slik endring vil skape. Gjengroing av kulturlandskap er ikkje noko som er eineståande for Hattebergsdalen, og tillett ein nydyrking i Hattebergsdalen vil det vere uråd ikkje å tillate det også i andre verneområde der det føregår beiting som held kulturlandskapet i hevd, jamfør *likheitsprinsippet* som all offentleg forvaltning skal jobbe etter.

Gjengroing er også ein naturleg prosess, og er styrt både av redusert beitepress, men også av klimaendringane. Naturen er dynamisk, og noko gjengroing må ein akseptare, også innanfor landskapsvernområde. Å verne eit område er *ikkje* å konservere det, men å gje naturen tid og høve til sjølv å utvikla seg *utan* større menneskelege/tekniske inngrep, slik som til dømes nydyrking.

Eit anna argument mot ei forskriftsendring, er at ei slik endring vil medføre mykje arbeid for forvaltninga når det kjem til å finne ut kva for nokre område som eventuelt kan eigna seg for nydyrking, korleis ei avgrensning skal skje, oppfølging av nydyrkinga, osv. For staten vil ei slik endring vere kostbar både i arbeidstid og i konsulenthonorar – noko som også vil gå utover andre arbeidsoppgaver som miljømyndighetene har. Presedensverknaden som ei eventuell forskriftsendring vil skape, gjer dette argumentet ytterlegare relevant.

**Konklusjonen frå FNF Hordaland er at denne saka er eit særskildt «godt» eksempel på korleis morgondagens naturforvaltning *ikkje* bør vere: Ein kan ikkje endre på verneforskrifta når både landskap og naturmangfald – til og med raudlista naturmangfald – blir skadelidande. Fordelane som ei slik endring vil føre med seg, er også utelukkande av privatøkonomisk karakter, og kan etter vår meining ikkje tillatast.**

Venleg helsing,

**Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland**

v/ koordinator Gunvar Mikkelsen

Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsorganisasjonar i Hordaland, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftslivsinteressene. Per i dag er det elleve organisasjonar tilslutta FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag (DNT), Naturvernforbundet Hordaland, Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, BirdLife Norge avd. Hordaland, Hordaland fylkeskystlag, Norsk Botanisk Forening Vestlandsavdelingen, Syklistenes Landsforening Bergen og omegn, Voss Utferdslag (DNT), Voss Kajakklubb og Hordaland krins av Norges Speiderforbund. Saman representerer organisasjonane rundt 40 000 medlemmar.

Fra: Einar Holsvik[holsvikeinar@gmail.com]

Sendt: 07.06.2023 07:18:57

Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]

Kopi: Einar Holsvik[holsvikeinar@gmail.com];

Tittel: Høyringsinnspel til forslag om endring av forskrift om vern av Hattebergdalen.

---

[fvlp@statsforvalteren.no](mailto:fvlp@statsforvalteren.no)

### **Høyringsinnspel til forslag om endring av forskrift om vern av Hattebergdalen.**

Vedk. punktet

«Andre verneverdier

Andre viktige interesser i området som også er verna gjennom forskrift om Hattebergdalen landskapsvernområde er geologiske førekomstar, eit tradisjonelt og enkelt friluftsliv samt omsynet til verdifulle kulturminne.»

**GJELD ENKELT FRILUFTSLIV, OSS SOM GÅR TUR I NATURLEG TERRENG.**

Eg og fleire eg kjenner går ofte tur gjennom dalen, gjerne på denne sida av elva og tilbake på andre sida eller motsett.

Det å kunna ferdast i nokolunde urørt natur på denne sida av dalen gir ei heilt anna oppleving enn å gå på grusa veg.

For meg er det ynskjeleg at terrenget blir tilnærma uendra etter ev. endra status og forskrift. Det har med opplevingsverdi å gjera og verdien av å gå i variert terreng.

Mi bøn er derfor:

Viss status og reglar blir endra, må ikkje endringane medføra at friluftsfolk blir hindra i å gå her, at grindar blir låste eller gjerder blir vanskelege å klyva.

Her må både barn og eldre kunna ferdast trygt, slik ein alltid har kunna gjort.

Verdien for friluftslivet er gjerne den største verdien målt opp mot alle andre verdier, for oss som ferdast her.

Med helsing

Einar Holsvik

Innbyggjar i Rosendal

Mob. 91515215

[holsvikeinar@gmail.com](mailto:holsvikeinar@gmail.com)

Fra: Erlend Trones[Erlend.Trones@kartverket.no]  
Sendt: 07.06.2023 15:15:52  
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]  
Tittel: 06/01383-179 - Høyring om endring forskrift om vern – Hattebergsdalen  
landskapsvernområde – Kvinnherad kommune

---

Hei

Viser til brev frå dykk dagsett 01.06.2023 med høyring om endring forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde i Kvinnherad kommune, dykkar ref. 2023/4744.

De bør òg senda høyringa til stadnamntenesta i Språkrådet, slik at dei kan gje tilråding om skrivemåten av namnet på landskapsvernområdet. Det gjeld òg ved revisjon av eksisterande verneforskrifter, sidan det finst ein del verneområde som ikkje har namn som samsvarar med primærnamnet dei er avleidde av, og som difor ev. kan oppdaterast i samband med at det likevel skjer eit revideringsarbeid.

Med venleg helsing



Kartverket

Erlend Trones  
namneansvarleg  
Eigedomsdivisjonen  
Tlf.: 32 11 86 43  
E-post: [post@kartverket.no](mailto:post@kartverket.no)



# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2022/975-18

**Saksbehandlar**

Kjetil Mehl

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2023/70	Kommunestyret	22.06.2023

**Høyring av forslag om endring av forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde i Kvinnherad kommune.**

## Innstilling frå kommunedirektøren:

Kvinnherad kommunestyre er positiv til tilføyinga av punkt (I) i verneforskrifta § 3 punkt 1.3. som opnar for nydyrking i Hattebergsdalen landskapsvernområde.

## Kommunestyret si behandling i møte den 22.06.2023:

### BEHANDLING:

Kommunedirektøren si innstilling vart vedteke med 25 mot 6 røyster (S.Handeland(V), S.Opdal og J.Saghaug (MDG), S.N.Olsen og G.Lund (SF) og M.Årthun(KRF).

### VEDTAK:

Kvinnherad kommunestyre er positiv til tilføyinga av punkt (I) i verneforskrifta § 3 punkt 1.3. som opnar for nydyrking i Hattebergsdalen landskapsvernområde.

## Samandrag/saka gjeld:

Saka har ein lang historikk som gjeld ynskje om nydyrking i Hattebergsdalen landskapsvernområde. Dei statlege miljømyndigheitene har no gjort utgreiing og sendt på høyring forslag til endring om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde. Forslaget inneber at det vert høve til noko nydyrking i landskapsvernområdet, noko som ikkje har vore mogleg med gjeldande reglar. Frist for uttale er 1. august 2023.

## Saksutgreiing:

### Bakgrunn for saka

Nasjonalparkstyret gav i september 2022 løyve til nydyrking av eit areal på om lag 20 dekar i Hattebergsdalen landskapsvernområde. Formålet med nydyrkinga er å sikra vinterfôr til beitedyra som går i landskapsvernområdet. Vedtaka vart påklaga av statsforvaltaren i Vestland som meinte tiltaket var i strid med verneføremålet og tiltaket ville ha stor innverknad på verneverdiane. Miljødirektoratet var einig i vurderinga til statsforvaltaren og dyrkingssøknaden vart endeleg avslått. Tidlegare (2021) gav nasjonalparkstyret løyve til dyrking av eit større areal (37,5 dekar) i same området. Denne søknaden vart også avslått av Miljødirektoratet etter klage frå Statsforvaltaren.

Klima- og miljødepartementet viser til at naturmangfaldslova § 48 er ei snever unnataksføresegn. Vilkår for å gje dispensasjon til tiltak er svært strenge. Dersom det skal opnast for slike tiltak som her er omsøkt, bør det skje gjennom ei endring av verneforskrifta. På bakgrunn av dette ville departementet difor at det skulle greiast ut ei endring av forskrifta for Hattebergsdalen landskapsvernområde, der det vert opna for nydyrking for å leggje til rette for beitebruk i verneområdet.

Resultatet frå utgreiinga ligg no føre og Miljødirektoratet har føreslege endring av forskrifta. Det skal leggjast til ein ny bokstav (I) i verneforskrifta §3 punkt 1.3 der forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- I. *Nydyrking i avgrensa omfang for å legge til rette for beitebruk i verneområdet*

### Historie

- Det vart søkt til Kvinnherad kommune om nydyrking august 2020.
- Vestland fylkeskommune, Seksjon for kulturarv, varsla om synfaring på arealet september 2020.
- Folgefonna nasjonalparkstyre gav september 2020 dispensasjon frå verneforskrifta, og gav løyve til nydyrking.
- Arkeolog frå Vestland Fylkeskommune, Seksjon for kulturarv, gav oktober 2020 positivt tilsegn til dyrking.
- Fylkesmannen i Vestland klagar på vedtaket til nasjonalparkstyret oktober 2020.
- Kvinnherad kommune sendte utfyllande informasjon til Fylkesmannen november 2020, og bad om at nye faktorarar vart tekne med i ei ny vurdering.
- Folgefonna nasjonalparkstyre sendte desember 2020 klagesak og vedtak frå nasjonalparkstyre til endeleg avgjerd i Miljødirektoratet.
- Miljødirektoratet av slo søknaden i mars 2021.
- Kvinnherad kommune ber Nasjonalparkstyret, i mai 2022, om at prosjektet vert vurdert på nytt, no i mindre omfang, ca. 20 dekar.
- I september 2022 vart det gjennomført synfaring i området, med Statsforvaltar, Miljødirektoratet og nasjonalparkstyre. Kvinnherad kommune var vertskap.
- Folgefonna nasjonalparkstyre gav i september 2022 løyve til nydyrking av 20 dekar.
- Statsforvaltaren klagar på vedtaket og det vert sendt Miljødirektoratet for endeleg avgjerd januar 2023.
- Miljødirektoratet av slo søknaden mars 2023.
- Klima og miljødepartementet ber i mars 2023 Miljødirektoratet iverksette utredning og deretter høyring av forslag til endring om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde.
- Miljødirektoratet ber i mars 2023 Statsforvaltaren i Vestland om å iverksette utredning og høyring av forslag til endring av verneforskrift.
- Juni 2023 sender Statsforvaltar i Vestland ut høyringsskriv om forslag til endring av verneforskrift.

### Vurdering

Skal ein ta vare på kulturlandskapet, noko som er eit av verneføremåla i Hattebergsdalen landskapsvernområde, må landskapet nyttast av dyr og menneske.

Kulturlandskap er landskap som er tydeleg påverka av mennesket sin bruk og ressursutnytting.

Kulturlandskapet slik vi kjenner det gjennom dei siste 50-100 åra, er trua av endra bruk eller mangel på

bruk. Kulturlandskapet er forma av dyr og menneske gjennom 100-vis av år. Stein er rydda, tre er hogd, tre er planta, grøfter er steinsett, areal er slege med ulike reiskap, for å sikra vinterfôr til beitedyra. Kulturlandskapet er og beita og stelt av ulike dyrerasar, storfe, geit, sau og hest. Det er i dag ikkje vanskeleg å sjå kvar kulturlandskapet ikkje vert pleia og stelt lenger, det gror igjen med ulike treslag, bjørnebærris og anna kratt. Det fører til at areala vert uframkommelege for både dyr og menneske.

Ei slik endring kulturlandskapet er ikkje i tråd med verneforskrifta for Hattebergdalen landskapsvernområde. Endringa er heller ikkje til å unngå i Hattebergdalen, om det ikkje er aktive bønder med husdyr i området som kan pleia og påverka kulturlandskapet slik bøndene og dyra har gjort i 100-vis av år.

For å ha nok beitedyr til å klara å unngå slike endringar, er dyra avhengige av nok vinterfôr. Areal som tidlegare har vore nytta til å sikra vinterfôr, er i dag ikkje produktive og effektive nok til å produsere vinterfôr på, areala vert difor beita i dag. Det vert ikkje nytta ljà og rive, hest og kjerre for å få vinterfôr i hus lenger. Ein er avhengig av areal som kan haustast effektivt med traktor og tilhøyrande slåttestyr.

Skal ein å klara å oppretthalda eit av måla i verneforskrifta, *ta vare på kulturlandskapet*, treng ein både aktive bønder og beitande dyr. Bonden treng areal som han kan hausta vinterfôr til dyra sine på, for å ha nok beitedyr verneområdet i beitesesongen. På denne måten kan ein nå verneføremålet i Hattebergdalen landskapsvernområde.

#### **Økonomisk berekraft:**

Endring i verneforskrifta vil ikkje medføre nokon negative økonomiske konsekvensar for kommunen.

#### **Miljø og klima berekraft:**

Ei endring av verneforskrifta kan føra til nydyrking i området, som kan gje fare for avrenning til elv i anleggsperioden.

#### **Sosial berekraft:**

Ei endring i verneforskrifta bidreg til tryggare driftsgrunnlag og dermed busetnad for gardsbruket/-bruka det gjeld.

#### **Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid**

Ei heilskapleg samarbeid mellom jordbruk, vern og reiseliv er nødvendig for verneområdet i Hattebergdalen. Ei endring av verneforskrifta vil kunna styrkja samarbeidet.

#### **Konklusjon**

Kommunedirektøren meiner forskriftsendringa tek i vare omsyna til bruk og vern på ein god måte, og forskrifta etter endring vil vere i betre balanse med ønskt landbruksdrift i området. Kvinnherad kommune bør såleis vere positive til tilføyninga av punkt (I) i verneforskrifta § 3 punkt 1.3.

Oslo, 28. august 2023

Deres ref.: deres ref.: 2023/474

Statsforvalteren i Vestland

## HØRINGSINNSPILL TIL ENDRING AV FORSKRIFT FOR HATTEBERGSDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Naturvernforbundet har følgende kommentarer til forslag til endring av forskrift for Hattebergsdalen landskapsvernomsråde. Vi beklager at innspillet vårt kommer etter høringsfristens utløp.

Naturvernforbundet mener det er alvorlig å endre en verneforskrift for et landskapsvernomsråde ved å tillate nydyrking. En slik endring er med på å svekke naturmangfoldloven. I Naturavtalen som ble vedtatt i desember i fjor, er målet å verne 30 prosent av naturen på land innen 2030. Forskriftsendringen vil bidra til at det blir vanskeligere å nå dette målet. Hattebergsdalen landskapsvernomsråde sikrer et helt unikt landskap som forbinder fonn og fjord og med Baroniet i sentrum. Naturvernforbundet er derfor sterkt imot den foreslåtte endringen av forskriften.

Naturvernforbundet viser også til den forenklete konsekvensutredningen som ble utført av Miljøfaglig Utredning i verneområdet. Den viser at nydyrking vil gi betydelig eller alvorlig miljøskade i de ulike delområdene.

I forarbeidene til opprettelsen av landskapsvernomsrådet er det også begrunnet hvorfor nydyrking ikke passer inn i dette landskapsvernomsrådet.

For å nå målene i Naturavtalen er oppgaven å verne mer natur, ikke forringe natur som er vernet.

Med vennlig hilsen  
Naturvernforbundet



Truls Gulowsen  
leder

Statsforvalteren i Vestland  
sfvlpost@statsforvalteren.no

23. august 2023

## Endring av forskrift for Hattebergdalen landskapsvernområde

### Høringsinnspill fra Sabima

Vi takker for muligheten til å levere høringsinnspill til den foreslåtte endringen av forskrift for Hattebergdalen landskapsvernområde.

*Å tillate nydyrking i dette landskapsvernområdet er uklokt og ødeleggende for arts mangfold og naturverdier. Samtidig er det å endre en verneforskrift, ved å innlemme mulighet for nydyrking, med på å svekke naturmangfoldloven. Denne forskriftsendringen vil også redusere muligheten for å nå målet i FNs naturavtale om å verne 30 prosent av naturen på land innen 2030. Sabima går sterkt mot en endring av verneforskriften for Hattebergdalen og stiller seg bak høringsinnspillene fra FNF Hordaland og Baroniet Rosendal.*

Miljøfaglig Utredning har gjennomført en forenklet KU i verneområdet. De skriver: «Konsekvens vurderes ut fra delområdenes verdi og påvirkningen tiltaket vil gi. Konsekvens er vurdert for hvert delområde basert på nydyrking av det delområdet, med unntak av delområde 8 som blir indirekte påvirket av nydyrking i andre delområder. For lokalitetene 1, 2, 4 og 7 blir konsekvensen alvorlig miljøskade. For lokalitet 3, 5 og 6 blir konsekvensen svært alvorlig miljøskade. For delområde 8 blir konsekvensen betydelig miljøskade.»

Med denne konklusjonen fra Miljøfaglig Utredning, er en forskriftsendring til fordel for nydyrking åpenbart feil. Hvorfor nydyrking skal være forbudt i dette landskapsvernområdet, er også godt begrunnet i forarbeidene til vernet.

Vi i Sabima ser på denne saken som svært viktig i seg selv. Den foreslåtte forskriftsendringen for Hattebergdalen landskapsvernområde er imidlertid også en del av et større bilde.

Pr juli 2023 har 196 land, inkludert Norge, sluttet seg til Naturavtalen og forpliktet oss til å verne 30 prosent av alt hav og land innen 2030. Naturavtalen kom i stand blant annet fordi

IPBES-rapporten i 2019 slo fast at ødeleggelse av natur og tap av dyr- og plantearter går raskere enn noen gang. 30 prosent-målet innebærer at også Norge må verne mye mer natur i løpet av de få årene som er igjen fram til 2030. En forskriftsendring som gjør arealet i et verneområde mindre, og som bidrar til forringing av andre verdier i verneområdet, er ikke forenlig med målet om å verne 30 prosent av naturen på land innen 2030.

Vi har tidligere sett endring av vernegrenser (for eksempel Gjellebekkmyrene i Lier) og åpning for veibygging i naturreservater (Åkersvika, Lågendeltaet og Synneren på Ringerike). Her ser vi en annen variant – med endring av verneforskrift etter politisk press.

Miljøfaglig utredning skriver i sin forenklede KU: "... For at nydyrking innenfor verneområdet skal kunne tillates er det nødvendig med en endring i verneforskriften. Den forslåtte endringen er å legge til en bokstav (l) i § 3 punkt 1.3 i eksisterende verneforskrift med ordlyden: «Nydyrking i avgrensa omfang for å legge til rette for beitebruk i verneområdet.» (e-post fra Statsforvalteren i Vestland 04.05.2023). ...".

Hva er egentlig "nydyrking i avgrensa omfang"? Vi i Sabima frykter en uthuling av naturmangfoldloven, samtidig som vi frykter at viktige naturverdier vil forringes i Hattebergsdalen landskapsvernområde. For å nå målene om 30 prosent vern, må vi verne mer natur, ikke forringe de verneområdene vi faktisk har.

Vennlig hilsen



Christian Steel  
Generalsekretær

Statsforvaltaren i Vestland  
Anne-Marie Colban

Dykkar ref.  
2023/4744

Vår ref.  
20/41-62/KES

Dato  
16.06.2023

## Kvinnherad kommune – Hattebergsdalen landskapsvernområde – endra verneforskrift – namnebruken

Me syner til eit brev som Statsforvaltaren i Vestland skreiv til Språkrådet 13. juni i år.

Namnesaka har utgangspunkt i eit arbeid med å endra ei verneforskrift for det som er kalla *Hattebergsdalen landskapsvernområde*. Landskapsvernområdet vart oppretta i april 2005.

Det melder seg i denne samanhengen eit spørsmål om det namnet som verneområdet har no, er det mest eigna namnet og det namnet som er mest i tråd med den lokale stadnamntradisjonen. Den nedste (og flataste) delen av det aktuelle dalføret heiter *Muradalen*. Dette dalpartiet går frå garden Hatteberg i sørleg retning til den dalbotnen som ber namnet *Murabotn*. (Jamfør med korleis dei to namna er plasserte på nettsida Norgeskart.) Ned mot Murabotn kjem det ein sidedal frå aust. Det er i omfaret til denne sidedalen ein finn det største nedbørsfeltet til Hattebergsvassdraget. (Sidedalen har to armar, dalane Bjørndalen og Geitabudalen (med Øvredalen).) Sidedalen (-dalane) er ein god del lengre enn Muradalen, og størsteparten av sidedalen er innanfor grensene til verneområdet.

Den samlinga med kvinnheradsnamn som er lagd ut på nettsida Lokale stadnamn, har ikkje med noko namn på det dalføret det er tale om i denne saka, då heller ikkje namnet *Muradalen*. Namna *Murabotn*, *Hattebergselva* (med oppslagsforma *Hattebergselvo*) og *Hattebergfossen* er med i samlinga. Det kan ikkje vera tvil om at både det SSR-registrerte namnet *Muradalen* og namnet *Hattebergsdalen* er nytta ein god del. (Google-søk gir mange treff på begge desse namneformene.)

Det samla vassdraget er i ulike samanhengar kalla *Hatteberg(s)vassdraget*. Sidan hovuddelen av dei viktigaste elvane i vassdraget ligg innanfor grensene til landskapsvernområdet, verkar det naturleg at området kan bli assosiert med namnet på vassdraget. Me finn det difor tilrådeleg at det tilsvarande dalnamnet, namnet *Hattebergsdalen*, framleis blir lagt til grunn for områdenamnet.

Me har ingen merknader til skrivemåten **Hattebergdalen**. Når det gjeld bruken av genitivs-, kan ein jamføra med namneformene *Hattebergselva* og *Hattebergfossen*. (Me syner til punkt 6 i *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn*. Der står det blant anna at «[e]in bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen».)

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal  
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims  
seksjonssjef

Kjell Erik Steinbru  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*

**Mottakar:**

Statsforvaltaren i Vestland

**Kopi til:**

Kartverket	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
------------	-------------------------	------	----------

**Vedlegg:**

Kvinnherad kommune – bruk 110455  
av Hattebergdalen som namn  
på eit verneområde – brev frå  
dir

Kvinnherad kommune – bruk 110456  
av Hattebergdalen som namn  
på eit verneområde – brev frå  
Statsforvaltaren i Vestland

Kvinnherad kommune – bruk 110457  
av Hattebergdalen som namn  
på eit verneområde –  
høyringsnotat

Kvinnherad kommune – bruk 110458  
av Hattebergdalen som namn  
på eit verneområde – kart



**WWF Verdens naturfond**  
Postboks 6784 – St. Olavs plass  
0130 Oslo  
Org.nr.: 952330071MVA  
Tlf: 22 03 65 00  
post@wwf.no  
[www.wwf.no](http://www.wwf.no)

Til Statsforvaltaren i Vestland

Oslo, 01.09.2023

## Om endring av forskrifta for Hattebergdalen landskapsvernområde

WWF Verdens naturfond beklager at dette innspillet sendes etter høringsfristen, men vi føler at vi er nødt til å uttrykke vår bekymring på konsekvensene av denne vurderte forskriftsendringen. Vi ønsker derfor å si klart ifra at forskriftsendringen ikke må bli vedtatt. Den norske naturen bygges ned bit for bit. Stadig flere av artene våre trues av utryddelse. Det minste vi kan gjøre er å beskytte våre allerede vernede områder.

I desember i fjor var Norge med på å signere den globale naturavtalen som skal sørge for å ta vare på natur i verden. Dette forplikter alle land inkludert Norge å skjerpe inn hvordan man behandler naturen på alle nivåer. Naturen er livsgrunnet vårt og vi har ingen natur å miste. Tvert imot, må vi bygge opp og restaurere ødelagt natur, derfor er det viktig at eksisterende verneforskrifter ikke svekkes. WWFs Living Planet Report viser at verdens dyrestokk stupte med gjennomsnittlig 69 prosent siden 1970. I Norge står hele 2752 arter av dyr, planter og insekter i fare for å bli utryddet. Endret arealbruk er hovedårsaken til det. Derfor er det avtalt at 30% vernet natur og 30% restaurert natur må oppnås innen 2030 for at det overhode skal være en sjanse til en framtid for alle dyr og levende organismer - og oss selv.

Opprettholdelse og styrking av beskyttelsen våre allerede vernede områder er derfor en selvfølge. Den foreslåtte eventuelle endringen av forskriftene for Hattebergdalen landskapsvernområde er utvilsomt i strid med målene vi sammen skal nå om syv år.

Sabima, Naturvennforbundet og Forum for Friluftsliv Hordaland har levert en tydelig uttale i saken. WWF Norge støtter deres uttalelser. WWF synes at den foreslåtte forskriftsendring og dens konsekvenser bryter med grunnlaget for vernet av Hattebergdalen, strider mot målene ved vernet og kan gi svært negative konsekvenser for verneområdet på kort og lang sikt.



Vi jobber for å stanse  
naturødeleggelser og skape en  
framtid der mennesker lever  
i harmoni med naturen.  
sammen for naturen [wwf.no](http://wwf.no)



WWF Norge er redde for presedensen for andre verneområder i landet vårt. Å tillate noe som ettertrykkelig er forbudt i de nåværende forskriftene, gir en åpning for krefter som ønsker å begrense vernet i de vernede områdene våre. Nydyrking i et vernet område er et betydelig inngrep som endrer landskapet betraktelig, skader artsmangfoldet og kan gi vanskelige dilemmaer i forvaltningssaker for resten av verneområdet. WWF vil derfor oppfordre Statsforvalteren ikke tillate forskriftendring.

Vennlig hilsen

Zanete Andersone-Lilley (sign.)

Seniorrådgiver

WWF Verdens naturfond



Vi jobber for å stanse  
naturødeleggelse og skape en  
framtid der mennesker lever  
i harmoni med naturen.

sammen for naturen [wwf.no](http://wwf.no)

STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

---

<b>Dato</b>	23/08/2023
<b>Vår referanse</b>	2023/59695-3
<b>Dykkar referanse</b>	2023/1465
<b>Sakshandsamar</b>	Lars Øyvind Birkenes
<b>E-post</b>	Lars.Oyvind.Birkenes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	48991284

## Endring forskrift om vern - Hattebergsdalen landskapsvernområde – Kulturminne og kulturlandskap

Vi viser til brev datert 01.06.2023 vedrørende orientering om utgreiing av endring av forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

I samband med søknad om nydyrking på gnr. 87, bnr. 12 datert 24.08.2020 var arkeolog frå Vestland fylkeskommune på synfaring i det omsøkte området på vestsida av Hattebergselva. Det var frå før kjent ei kolgrop Askeladden id. 230375. Denne typen kulturminne er laga for framstilling av trekol og grave ned under bakkenivå og fungerer på sett og vis som dei seinare kolmilene som er lagt oppå marka. Det vart i samband med synfaringa funne tre kolgroper til langs Hattebergselva si vestsida, Askeladden id. 272059, id. 272060 og id. 272062. Desse ligg tre- til firehundre meter lengre oppover dalen mot søraust. Vestland fylkeskommune rådde difor til at det omsøkte arealet vart redusert frå opphavleg 47 dekar til ca. 20 dekar og til å omfatte det som låg nærast elva slik at ikkje kulturlandskapet i vest vart råka. Arealet på austsida av elva er alt oppdyrka og vi vurderte det slik at ei oppdyrking nord for dei påviste automatisk freda kulturminna ned mot elva ikkje ville få store negative visuelle konsekvensar for kulturlandskapet i si heilheit då det var dyrka på andre sida av Hattebergselva.

Vi ser det ikkje som positivt at ytterlegare utmarksareal vert oppdyrka vidare oppover Hattebergsdalen, verken på aust- eller vestsida av elva. Kulturlandskapet har vore nytta som beiteland i hundrevis av år og potensial for funn av automatisk freda kulturminne som kan knytast til utnytting av utmarksressursar er absolutt tilstades. Det er ei rekkje kulturminne frå nyare tid i området, som skjenefloren bygd i stein (SEFRAK-1224-0011-004), Hålo (SEFRAK-1224-0011-003), Dalssetre/Murasetret (SEFRAK-1224-0011-049), fleire stølsområder som Jakopssetret, Bjønndal, Stølen (eldre støl for Hatteberg før Bjønndal vart teken i bruk) og Omssetra. Elles er Muradalen karakterisert av ei rekkje lange steingardar.

Ein stor del av landskapsvernområdet i nord, om lag halvparten, er og definert som KULA-område (Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse) K471. Den europeiske landskapskonvensjonen, som Noreg har slutta seg til, legg vekt på at landskapet er ein felles ressurs som må sikrast gjennom målretta planlegging, forvaltning og vern. Det var difor behov for å få m.a. oversyn over landskapsverdiane. Konvensjonen oppmoda difor til å kartleggje og prioritere landskap. Kulturminneforvaltninga har eit særleg ansvar for å halde oversyn over kulturhistorisk verdifulle landskap. Ein stor del av Hattebergsdalen landskapsvernområde, om lag halvparten, er såleis del av eit slikt område som består av Rosendalsbygda med baroniet i eit rikt jordbrukslandskap med alpine omgjevnader og utmarksressursane i Skåladalen, Melsdalen med Myrdal og Muradalen.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**

leiar

KFO - Arealplan

**Lars Øyvind Birkenes**

seniorrådgjevar

KFO - Arealplan

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*